

Rita Irene Schjønningsen  
Myrdalskogen 151  
5117 ULSET

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/18389 - 21/34611

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
27.05.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - veg til hytte gbnr 351/50 Landsvik

Tiltak: kjøreveg til hytte  
Byggjestad: Gbnr: 351/50  
Tiltakshavar: Terje Jan Nilsen  
Ansvarleg sækjar: Terje Jan Nilsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.11.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vegen skal oppførast på anna manns grunn på gbnr 351/3, samtykkje frå grunneigar på etablering av kjøreveg, slik den er vist på kartet, skal liggje føre i saka, jf. PBL §21-6. Det er vedlagt vegrett frå 1953 men det gjelder kun bruksrett på eksisterande veg ikkje oppføring av ny kjøreveg.
2. Vegtrase ligg 2 meter frå eigedommen gbnr 351/112 og krev samtykkje frå eigar av gbnr 351/112 for avstand på under 4 m, jf. PBL §29-4.
3. Tiltaket -veg til hytte- krev dispensasjon frå planføremål LNF-område(landbruk, natur og friluftsområde sjølv om hytte ligg i spreidd bustad SB\_21. Søknad om dispensasjon skal grunngjevast.
4. Søknad er sendt som tiltaket utan ansvarsrett, men etablering av veg krev søknad frå ansvarleg føretak/ansvarleg sækjar med ansvarsrettar, gjennomføringsplan, erklæringar om ansvarsrettar etc.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan 28.06.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Rita Irene Schjønningsen  
Terje Jan Nilsen

Myrdalskogen 151  
Myrdalskogen 151

5117 ULSET  
5117 ULSET